

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 9

November 1975

11. årgang

SJELESORG

Ved å lese Rosenius sin andaktsbok vil vi finne at hans mål er sjæleorg. Men skal vi øve sjælesorg står vi i stor fare for å gi falsk trøst, for det er en av de ting som faller aller lettest for oss. Vi har forskjellige bøker som kan veilede oss på dette felt, og en av dem er «Sjælesorg hos Jesus» av Øyvind Andersen.

Besøker vi syke og gamle kan vi lære mye på dette området. Da vil du møte noen som er kommet inn å fast grunn, og du får samfunn med en gang, mens andre er søkerende, og mange er sikre i sin falske sikkerhet. Blir disse siste trøstet, fører vi dem ennå lenger bort fra Gud, og her har nok mange av oss syndet fordi vi ikke våget å si dem sannheten. Vi leser om profeten Natan, som en gang ble sendt av Gud til David for å drive sjælesorg. Han ble nødt til å si at *du er mannen*, og det førte til at David blev hjulet. Dog er det lettere å si sannheten til en mann som er tyget av sine synder som David, enn til dem som er sikre i sine synder og i sin egenrettferdighet. Ved å si dem sannheten, kan du få dem til dine fiender og motstandere, om de da ikke erkjenner sannheten. Erkjenner de ikke sannheten, da viser det at din tvil og diagnose er riktig.

Det har hendt meg at en radikaler sa rett ut til meg at det var ikke riktig med mitt gudsforhold. Jeg svarte da at det kunne ikke jeg se, men det førte meg inn i selvansakelse. Jeg kjente aldri at jeg blev arg på denne mannen, og de som har våget å si

meg sannheten er blitt av mine beste venner — selv om det ikke smakte så godt i første omgang.

Men ikke alle tåler dette, og i mange tilfelle må de overlates til den Hellige Ånd, som vet å trøste i rette tid. De må behandles på forskjellig vis, og vi må ikke bringe trøst der vi tror at de lever i et falskt forhold uten erkjennelse. Men vi kan holde Guds ord frem for dem, og det viser rett vei.

I vår tid ser det ut for at få mennesker kommer i nød for sitt gudsforhold. Hva kommer det av? Jeg tror at den religiøse ånd har fått for stor makt i forkynnelsen, så den virker mere trøst enn tukt, erkjennelse og anger over synden. Dette fører til en forstandens tro, en falsk trygghet som ikke trenger den sanne trøst i evangeliet om Jesu stedfortredende kors og død. Derfor kan vi ofte se at endog de som Gud var så god imot at han varslet dem om at døden var nær, de er like rolige, og ser helst at ingen kommer og uroer dem. Og tilkaller de noen, da er det helst slike de venter trøst av i sin tilstand.

Her må vi være ytterst forsiktige. Tenk på all den falske trøst folk har fått for sine avdøde i taler og vidnesbyrd når noen blir gravlagt. Slike ting virker som en dødelig gift på dem som hører, og hvor mange tror du har gått inn i den evige fortapelse på slik falsk trøst. Skal vi drive sjæle---- da må vi ikke trøste andre med noe a Gud trøster med i Skrif

selv er trøstet med av Gud. Men da blir vi nødt til å utelevere oss selv, og det er ikke alltid så lett for kjødet.

Jeg har søkt trøst hos mennesker, men der er det få ganger jeg er blitt hjulpet. Men etter hvert har jeg lært å gå til Guds ord, og der har jeg funnet pålitelig trøst og hjelpe. Vi hadde nylig en forkynner her, og jeg fikk anledning til å gå på to møter. Forkynnelsen var klar, men der kom uvanlig lite folk til møtene, og jeg kom i nød over hva grunnen til det kunne være. Er du skyld i dette, du ser jo ingen frukt av din gjerning? Det ble en våkenatt for meg, og til slutt måtte jeg be lik David: Omvend meg du Herre, så blir jeg rett omvendt. Da fikk jeg tre timers søvn,

men var tung og trist da jeg våknet. Etter frokost leste jeg i Hopes andaktsbok: Vær ikke redd, jeg har gjenløst deg, kalt deg ved navn, du er min. Da kjente jeg at her er trøsten, og jeg måtte lese det flere ganger om dagen for det ville ikke helt frigjøre meg. Men neste morgen da jeg leste: Får Kristus frigjort eder, da blir du virkelig fri, og sangen som fulgte: Jeg ser deg i Jesus, ja evig i Jesus fullkommen og ren, da oplevet jeg full trøst fra Gud.

Det høres vel underlig ut for mange at en gammel forkynner skal trenge trøst fordi han ser så lite frukt av sin gjerning, men slik er det.

Ole Rolfsnes.

Vi lyst gå inn i Guds rike gjennom mange trengsler

(Ap. gj. 14, 22)

Det står om Paulus og Barnabas, dei første misjonærane sendt ut frå ei kristen forsamling (Antiochia), at dei styrkte lærersveinane i sjela kvar dei kom og mana dei til å vera støde i trua og sa: Me lyst gå (det høver for oss) inn i Guds rike *gjennom mange trengsler*.

Dette blei sagt til lærersveinane, og dermed også til alle andre kristne.

Guds rike i denne samanheng, det er vel i egentleg forstand meint å nå heilt fram til himmelen — det evige Guds rike. Gjerne som Peter seier det i den Heilage Ande: — på denne måten skal det rikeleg verta gjeve dykk inngang i vår Herre og frelsars Jesu Kristi ævelege rike (2. Pet. 1, 11.) Der talar han til dei som alt er i Guds rike. Det ser me av vers 10: Difor, brør, legg så mykje meir vinn på å gjera dykkar kall og utvelging fast.

Det ligg då også sikkert det i ordet at ein

dermed får meir innsikt i Jesu Kristi rike. Som Paulus yttrykkjer det i 2. Kor. 1, 5: Me veit at liksom me har del i lidingane, så skal me me og ha del i trøysta. For liksom Kristi lidingar (liding av di ein er ein sann kristen) kjem rikeleg over oss, så er vår trøyst rikeleg ved Kristus, — han som trøystar oss i all vår trengsla. Og dette gjeld ikkje minst den som er lydig i sitt forkynnarkall, der Gud stadfester og styrkjer, og friar ut or mange farar.

Og Gud er den same i dag!

Og ein truande treng den same trøysta apostlane gav også i dag. Det stemmer også med Jesu ord: I verda skal de ha trengsel, men ver frimodige, eg har vunne over verda! Tek me dei orda til oss, så gjev dei oss fri-mod.

Her bør me også ta med oss eit ransakande ord i denne samanhengen: Og alle som vil

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Bladet blir halde opp med friviljuge gåver
 Red. Amund Lid, tlf. 75, Norheimsund og post 5600 Norheimsund
 Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, 5400 Stord. Postgiro: 42887, Stord
 Alt som har med bladet sin eksp. blir sendt dit, som tinging, oppseing, adresseforandring og gårer til bladet.

Norsk Lutherisk Lekmannsmisjon :

Formann: Sigmund Hjorthaug
 Kløverveien 32D, 4300 Sandnes
 Kass.: Sverre Bohn. Postgiro 68213
 Bankgiro : Vikøy Sparebank
 3530.07.09492
 5601 Norheimsund

leva gudeleg i Kristus Jesus, skal bli føylgde. (2. Timot. 3, 12).

Apostelgj. 14, 22 var det Skriftordet eg fekk tru for å helsa årsmøtet 1975 med. Då fleire av dykk misjonsvener ikkje kom til årsmøtet i år, sender eg denne helsinga til bladet vårt. Helsinga er suplert med andre Guds ord.

Nå har eg fått vera med på to årsmøte sidan eg kom heim frå Malaysia. Det eine var i heimbygda mi dagen etter eg kom heim, og det andre var i Norheimsund dette året. Det blei då akkurat 10 år sidan årsmøtet på same staden vedtok å senda meg ut som misjonær for Norsk Lutherisk Lekmannsmisjon.

Det blei ikkje Taiwan, som fyrt tenkt, men det blei Malaysia. Det blei noko av eit vnbrot for meg, på grunn av at dei hadde ein annan kinesisk dialekt der enn den eg hadde lært, og at det blei å fara til eit muhamedansk land. Men Gud hadde nok også si meinung med det. Noko av det har eg skyna. Eg fekk meir bruk for misjonens Herre, Jesus Kristus, både når det galdt språket og det å

få arbeidsløyve år for år. Visumet måtte fornystast kvar haust, og eg fekk det på vilkår av at eg reiste ut av landet innan eit år. Slik blei det sagt meg sju gonger: Ut med deg! Men som ein Guds tenar har sagt det før: Herren sto med meg og styrkte meg.

Kanskje hadde eg heller ikkje fått prenta det litterære arbeidet om eg ikkje hadde kome til Malaysia. I det arbeidet hjalp dei to unge studentane, eg fekk døypa, meg. Namna deira kjenner vel dei fleste av dykk frå før. Chong Tau (utt. dao) Sheng og Keng Sang (døypenamnet hans er Hsuen - dji, men han brukar ikkje det offentleg. Dei blei vunnen for Gud trass i *bitter motstand frå heimane sine*. Men dess større blei trøysta.

Og dei kan då ved Guds nåde og våre bøner, vinna kinesarar, indarar og Malayfolk, både i Malaysia og Singapore. Tau Sheng arbeider i Singapore og Keng Sang i Kuala Lumpur i Malaysia.

Helsing Andreas A. Bø.

Eders håp

Av Øyvind Andersen

Set eders håp fullt og fast til den nåde som ble eder til del i Jesu Kristi åpenbarelse. - Amen. (1. Pet. brev 1, 13.)

Med Jesu Kristi åpenbarelse tenkes det på hans gjenkomst, og det som formaningen går ut på er at alle som tror på Jesus skal sette sitt håp til den nåde som blir dem til del når Jesus kommer igjen. Dette vil jeg gjerne be deg stanse litt for, du som hører på meg i dag.

Hvordan er det med tanken på Jesu gjenkomst for ditt vedkommende? Gleder du deg til at han skal komme, eller er du redd for at han skal komme, eller går du i uvissitet om hvordan det skal gå deg når Jesus kommer igjen?

Hvis du ikke tror på Jesus som din frelser,

har du ikke noe å glede deg til. Du som er utenom Guds nåde, det vil si du som ikke har vendt om og latt deg frelse, du kommer til å måtte gjøre rekneskap for deg selv på dommens dag. Du kommer til å måtte svare rekneskap for den minste detalj endog i ditt liv, og husk på at ingen ting er glemt. Hele vårt liv er som et eneste sammenhengende lydband hvor alt er tatt opp, hva vi har sagt og hva vi har gjort, hva vi har tenkt, hva vi har ment, følt, opplevd og ikke minst, der er også alt det vi har forsømt. Det ligger der ferdig til å bli åpenbart for oss den dagen vi skal frem for Guds dom. Og den som ikke tror på Jesus må svare rekneskap for alt, som sagt, inntil minste detalj. Det rekneskapet kan du ikke klare, og det kommer til å gå deg ille på dommens dag, du som ikke tror på Jesus.

Derfor må jeg begynne med å understreke, at det ordet jeg leste er sagt til dem som har latt seg frelse, og som har mottatt Guds nåde i Jesus Kristus. Men jeg vil gjerne si til deg som ikke er en kristen, du har samme rett til å tro på Jesus som vi har, vi som er frelst. Du har den samme rett, uansett hva du har gjort, hvordan du føler det, hva du synes om deg selv. Det kan se vanskelig og håpløst ut for deg når du tenker på ditt gudsforhold, men du skal vite en ting, du er velkommen til Jesus slik som du er. Og vet du hva som da hender? Jeg nevnte at hele vårt liv er som et eneste sammenhengende lydbandopptak, men vet du hva som hender med dem som omvender seg og lar seg frelse? Bandet blir avmagnisert, som vi sier, alt som er på det blir fjernet, du skal ikke svare rekneskap for noen ting, fordi du kommer inn under det rekneskapet Jesus Kristus svarte for oss på Golgata kors.

Den som tror på Jesus kan få glede seg til Jesu komme, og det går formaningen i ordet i dag ut på. Sett ederes håp fullt og fast til den nåde, står det, som blir eder til del i Jesu Kristi åpenbarelse. Du som er en kris-

ten spør deg selv, hvordan kommer det til å gå meg på dommens dag? Jo, svarer Guds ord, det blir åpenbart deg en særlig nåde, som du nå mens du venter setter ditt håp til. Du har noe godt i vente. Ja, sier du, men jeg har syndet så mange ganger etter at jeg ble en kristen, jeg har sviktet så mange ganger, og jeg frykter for hvordan det skal gå med meg likevel. Da vil jeg spørre deg, har du gått bort fra Jesus, har du forlatt ham? Nei, sier du, han kan jeg ikke forlate, «nei for all den ting jeg visste kan jeg ei min Jesus miste». Der er du klar, og du vet i ditt hjertes innerste at Jesus er den du må få rekne med forat du skal ha det godt med Gud.

Da sier Guds ord at du har en arv som er gjemt for deg i himmelen. Det står i begynnelsen av det samme kapittel, i Peters første brev kap. 1. Du er gjenfødt til et levende håp ved Guds miskunn, du som tror på Jesus, og håpet er levende fordi Jesus Kristus er oppstanden fra de døde. Du setter din lit til et håp som ikke kommer til å gjøre deg til skamme. Og der står det videre at du er gjenfødt til en arv i himmelen, en arv som Herren har tatt vare på for oss. Vi har ikke sett den ennå, vi har ikke opplevd den ennå, men den kommer til oss ved Jesu Kristi gjenkomst. Om den arven står det at den er uforgjengelig, den kan ikke forgå. Det står også usvisnlig, det betyr at den kan ikke tape sin skjønnhet. Men det står enda en ting om den, den er usmittet. Det betyr at den er ikke utskjemt av din og min synd. Den arv som venter på oss i himmelen, den kan ikke skjemmes ut av det vi er eller gjør her i verden. Om det har sviktet for oss i vårt kristenliv, har det ikke hatt den minste innflytelse på den arv som er gjemt til oss i himmelen hos Jesus. Og vi skal få lov å bli holdt oppe ved *Guds makt* til vi når målet. Vi skal ikke klare oss selv, vi skal ikke bevare oss selv, men det står ganske enkelt: I som ved Guds makt holdes oppe, ved troen, til den frelse som er ferdig til å bli åpenbart i den siste tid.

Det som kommer med Jesus når han kommer igjen, det er altså en nåde som åpenbares for alle som tror på ham. Det kalles frelse, og frelse betyr egentlig at alt som synden har ført med seg er gjenopprettet. Frelse betyr det som er fullkommen, det som vi er frelst til og som vi når i det fullkomne Guds rike. Vi har ikke opplevd det ennå her i tiden, og ingen av oss vet egentlig hva det innebærer å være en kristen ennå, men vi skal få se det den dagen Jesus kommer igjen. Da skal det riktig åpenbares hva vi eier i Jesus, og da skal vi få del i en frelse som er fullkommen.

Det ordet som er oversatt med frelse, betyr egentlig den fullkomne helse. Det sikter på mennesket slik som det var fra begynnelsen av. Da mennesket ble skapt var det fullkommen, intet sykt, intet galt, det var ingen svikt, ingen brist, alt var fullkommen, slik som Gud skapte det. Og Gud så at mennesket også var såre godt. Det var før synden var kommet og hadde fått ødelegge oss. Dette vårt guds bilde blei altså ødelagt i syndefallet, men det er gjenopprettet i Jesus Kristus. Og det ord som vi kaller frelse i vår daglige tale,

betyr i virkeligheten etter Guds ord den fullkomne helse, det betyr den fullkomne gjenopprettelse av det som Gud har skapt oss til.

Vi har noe å se fre mtil, vi har noe godt i vente, og vi har i sannhet noe å glede oss til, vi som tror på Jesus. Det å vente på Jesus og glede seg ved dette, og gjøre akkurat som det står her: Sette sitt håp til den nåde som blir oss til del i Jesu Kristi åpenbarelse, har en veldig god virkning på vårt daglige liv som Kristne. Det står at den som har dette håp til ham, han renser seg selv likesom han er ren. Det renser vårt daglige liv å rekne med Jesu gjenkomst, og rekne med at vi skal bli ham lik, for vi skal se ham som han er.

Det siste som jeg nå henviste til, finner du i Johs. brev 3, 1-fg. Se på det, ta det til deg gled deg ved det, og gjør nettopp slik som ordet sier. Sett du ditt håp fullt og fast til den nåde som blir deg til del i Jesu Kristi åpenbarelse. Amen.

Avskrift etter lydband fra den lutherske timen i Norea Radio, med løyve frå Andersen og Norea.

Skilnaden på det vantru menneske og det truande menneske

Av Amund Lid

Av øg til kan ein høyra at det blir sagt: Me ser ingen skilnad på dei som kallar seg truande og dei såkalla verdslege menneske. Der kjem også tider i ein truande sitt liv, då me ser på oss sjølv og undrast på om der er nokon forskjel på meg, som kallar meg ein kristen, og på dei vantru menneske som ikke gir seg ut for å vera nokon kristen.

Det kan vera vel verdt å tenkja over om denne påstanden og tanken er rett. Og skal me finna fram til eit svar som har noko verd,

då må me gå til Guds ord for å få svar. Jesus seier i Johs. 8, 31: Vert de verande i mitt ord, så er de rette læresveinane mine, og de skal læra å kjenna sanninga, og sanninga skal gje ra dykk frie.

Skrifta lærer klårt at der er område der det ingen skilnad er på eit truande menneske og ein vantru, på ein bekjennande kristen og eit vantru og verdsleg menneske. I Romarbrevet 3, 22-fg. høyrer me om tre område der det ingen skilnad er. «For det finst ingen skilnad,

alle har synda og vantar æra for Gud, og dei vert rettferdiggjorde ufortent av hans nåde ved utløysinga i Kristus Jesus.»

Dette tyder for det første at alle mennesker er runnen av syndarætt, har ei syndig natur, har gjort synd og er syndrar overfor Gud. Her er det ingen skilnad, alle er like. For det andre er alle menneske ærelause overfor Gud og i Guds augo. Som nasisten var ærelaus i alle gode nordmenn sine augo under krigen, på same måten er alle menneske ærelause i Guds augo ved at dei har gått i fiendens teneste, det vil seia Satans teneste og gjer det han vil (Efes. 1-fg.) For det tredje fortel ordet her at om eit menneske skal bli frelst og rettferdig overfor Gud, så må det bli ufortent, av Guds nåde, og ved trua og utløysinga i Kristus Jesus. Her er det ingen skilnad på oss menneske.

Når det gjeld det ytre livet i ord og gjerning, så må vel alle som vil sjå og vera sann vedgå at skilnaden kan vera stor, på den som lever eit aktverdigt liv og den som lever i openberr synd og skam. Men me må også vedgå at der finst vantruande og verdsleger, religiøse menneske som kan leva eit like fint ytre liv som den truande, ja stundom enno overgå dei. Så skilnaden ligg ikkje alltid i det ytre livet, og er ikkje så lett å sjå der, sjølv om all sann tru vil vise seg i den truande sitt liv på jorda.

Ånda og sinnet

Her er skilnaden stor på eit vantru menneske og på den som trur på Jesus. Mange vantruande menneske vil nok vedgå at dei gjer feil og syndar, men dei vil orsaka seg og undskylda synda, ved å skulda på andre som Adam og Eva gjorde på fallets dag (1. Moseb. 3. kap.) Dei manglar erkjenning av si synd, anger og sorg over synda, og vil ikkje gå med på at alt me er og gjer er synd og klebar det synd ved. Skrifta har stengt alt inn under synd, så.. det som var lova, skulle ved tru på Jesus Kristus verta gitt dei som

trur (Galat. 3, 2-fg.) For eg veit at i meg, det vil seia i mitt kjøt, bur ikkje noko godt. Viljen har eg, men gjera det gode vinn eg ikkje. (Rom. 7, 18) Her vil det vantru hjarta protestera når den Heilage Ande og Ordet vil overtyda oss om denne sanninga. I ånda og sinnet står dei imot Anden og ordet, dei er Guds motstandarar og gjer Gud til ein lju-gar.

Den truande derimot erkjenner denne sanninga, og har mange bitre erfaringar av si synd, angrar synda og syrgjer over den, og erkjenner si maktløyse overfor synda. Han har late seg overbevisa av Gud, og har gitt Gud og hans ord rett i hjarta, han står ikkje lenger Gud imot, men gir Anden og Ordet rett. Av den grunn er ein truande alltid avhengig av Guds nåde, mottakeleg for evangeliet om Jesus, har eit hjarta som eig trua og tilliten til det Jesus er og har gjort for oss, eit hjarta som elskar Jesus og evangeliet. Dette er ein vantru framande for.

Utan denne erkjenninga av sin syndige og fortapte tilstand, søker ingen Jesus, blir ingen frelst og kjem til ei frelsande tru på Jesus, og utan den blir ingen bevart i nåden og trua på Jesus.

Skilnaden i forholdet til Gud.

Her kan det vera stor skilnad også mellom vantru menneske. Mange av dei trur ikke at det finst nokon Gud, eller dei prøver i alle fall å overbevisa både seg sjølv og andre om det. Dei trur ikkje at Bibelen er Guds ord, heller ikkje på frelse og fortaping, himmel og helvete. Nokre lever som aktverdige menneske, andre i openberr synd og set si æra i si skam. Andre trur på alt dette, kan vera med i humanitært og byggjande arbeid, endå til og med i Guds rikes arbeid, og kan vera nidkjære for Gud, som Paulus vitnar om jødane. Men likevel ikkje frelst, kjenner ikkje løyndomen i evangeliet, er ikkje født på nytt og eig ikkje den frelsande trua på Jesus.

Skrifta lærer klart at for å bli frelst må eit

menneske bli rettferdig og fullkommen for Gud. Her har me den største skilnaden på eit frelst og eit vantru menneske. Jesus visar oss skilnaden i likninga om farisearen og tollaren i templet (Luk. 18, 9-14.) Det står at Jesus fortalte denne likninga til nokre som trudde at dei var rettferdige, og som vanvyrde alle andre, og det er kjennemerket på eigenrettferdige menneske. Den eine takka Gud og gav Gud æra for det han hadde gjort han til. Han søkte Gud ved seg sjølv, ved det Gud hadde verka i hans liv, ved det han ved Guds hjelp hadde nått fram til. Dette kallar Bibelen for eiga rettferd. Slike menneske trur sjølve at dei skal bli frelst, og at det står bra til når dei samanliknar seg med han nede ved døra, syndaren som treng nåde. Han gjekk like urettferdig for Gud og ufrelst når han gjekk heim som når han kom. Det har me Jesu ord for.

Men syndaren nede ved døra hadde inga rettferd å møta Gud med, berre synd og skuld. Han søkte den Gud som var syndarar nådig, erkjente kven han var og ba om nåde. Han søkte Gud ved Jesus, for det er berre gjennom han at Gud kan vera syndarar nådig. Han gjekk rettferdigjort heim til sitt hus, seier Jesus — men hin ikkje. Det var Jesu Kristi rettferdighet han fekk, ved tru. Og sidan me er rettferdigjort av tru, har me fred med Gud, ved vår Herre Jesus Kristus, han som me og har fenge tilgjenge ved til den nåden som me står i, og me rosar oss av von om Guds herlegdom. (Rom. 5, 1 -fg.)

Her er skilnaden stor, så stor som skilnaden er på eit menneske og Jesus. Det beste menneske vil det alltid hanga synd ved, og det vil alltid bli ufullkome i Guds augo. Men Jesus er rettferdig, hellig og rein, alt det han har gjort er fullkome for Gud.

Trua på Gud og hans ord er vår einaste forbindelse med Gud. Ved tru veit me at Gud er til, ved tru blir me frelse, og den rettferdige lever ved tru, for me vandrar ikkje i syn, men me vandrar i tru.

Men detM er også stor skilnad på trua hjå eit naturleg og religiøst menneske og hjå den sanne truande. Alle menneske har tru og kan tru frå naturen si sida, og der er mykje i livet me må tru på andre sine ord av det me hører og lærer. Det er denne naturlege evnen til å tru, me kallar for vantru, av di den ved syndefallet blei øydelagd så me trur løgna framfor sanninga, trur på det me forstår, ser og føler, men trur ikkje på Gud og hans ord. Denne trua kan også påverkast slik at me trur på Gud, på Guds ord, og er nidkjære for Gud, utan at me blir frelse ved den. Luther seier at eg trur ikkje at eg av meg sjølv kan tru på Gud eller koma til han, det er den Heilage ande sin gjerning.

Den trua som frelser, er ikkje av oss, den er Guds verk og Guds gåva. Den kjem til oss ved ordet og forkynninga om Jesus (Rom. 10) Jesus er opphavsmannen til denne trua, fortel Hebr. 12. Det vil seia at den kjem og blir skapt ved å høysa evangeliet om Jesus. Det er årsaka til at Jesus seier : Kom til meg og hør, så skal sjela di leva. Denne trua vil alltid føra syndaren til Jesus, der dei får tilgivelse, miskunn og nåde, og lærer å elska Jesus og evangeliet. Og det er berre ved å lesa eller høysa Guds ord at den blir halden i livet, fornya og styrka. Det er årsaka til at den truande er avhengig av å høysa Guds ord igjen og igjen, og det er årsaka til formaninga om å la Guds ord bu rikeleg iblant oss.

Vidare er det *kva* me trur, som er det avgjeraende. Det er ikkje trua som frelser, men det er trua sin gjenstand, trua sitt innhald. Eit naturleg og ufrelst menneske kan også tru på Gud at han er til, tru på at Jesus er verda sin frelsar, vår einaste redningsmann, og halda for sant det dei seier om det, utan at dei derved er frelest. Det gjorde også mange av jødane, sjå f.e. Johs. 8, 30—59. For å bli frelst er det visse kjengjerningar ein trur og som må vera til stades.

Det første er at me trur og erkjenner det

Ordet seier om oss. At me har synd, har gjort synd (1. Johs. 1, 8 og 10), at me har synda og vantar æra for Gud, at me er skyldige for Gud og fortapte, eller at me lid berre det me har fortent, som røvaren sa. Utan denne trua og erkjenninga treng ingen ein freisar og forsonar og kjem ikkje til Jesus. Dei gjer Gud til ein ljugar, av di dei ikkje trur Guds ord.

Dertil trur ein truande at Jesus døydde for mine synder, at me har fått forlataelse for synlene våre ved Jesu blod, og at han sto opp att for vår rettferdigjering. Me trur at Gud har gitt oss barnekår, gjort oss rettferdig og rein i Jesus Kristus og gitt oss eit evig liv i han. Den som trur dette slepper Jesus inn i

hjarta og i livet sitt. For med hjarta trur ein til rettferdigheit og med munnen vedkjenner ein til frelse (Rom. 10, 10). Denne trua har innverknad på heile livet og gjer oss til eit nytt menneske, seier Guds ord (2. Kor. 5, 17). Det blir ei ny ånd, eit nytt sinn, eit nytt forhold til Gud — til Jesus ei ny tru og nye interesser, slik at Guds ord kallar det ein ny fødsel og ein ny skapning. Eit nytt liv er født, trueslivet, nådelivet, gudsleivet, født ved Guds ord som lever og varer. Kjærleiken til Gud, til Guds ord, til sanninga er født i syndarhjarta. Jesus seier at den som mykje er tilgitt, han elskar mykje. Til den hører også at me elskar kvar den som er fødd av Gud, på dette veit me at me er Guds barn.

Lærdom frå Jakobs liv

Jakob gjorde etter Guds ord då Herren sa: Far heimatt til landet åt fedrane dine og til ditt eige folk, og eg skal vera med deg (1. Moseb. 31, 3. Og alt såg ut for å gå bra. Han hadde fått alt over Jordanelva, — tenk innatt i fedrelandet Men i denne natt skulle heile hans liv bli forandra, ja, han skulle endå til fá eit nytt namn.

Han som hadde gjort så mang ein god forretning, nå var det slutt. Han skulle møta for Guds åsyn, og det kom til kamp. Kven skal vinna? For Guds åsyn taper dei fleste, dei går bort utan å seja kven dei er. Mange kom inn i landet med alt sitt eige i behold, men utan bryllaupsklær, utan olje på lampane sine, utan den heilage Ande. Andre sa nei takk, der vil eg ikkje inn, for Gud er for streng og dette blir altfor svert. Herren får skulda for at vegen blir for tung og krava for store.

Sjå på Jakob her! Han står for Gud heile natta. Det kosta at hofteskåla hans kom ut av led, men heller det enn å røma frå Guds åsyn. Under denne kampen er der alltid

mørke og natt. «Da jeg var i sjelenød var den hele verden død, ingen kunne ingen ville hjertets dype jammer stille», syng songaren.

Her spør Gud: Kven er du? Kva har du gjort? Det var tungt å seja Jakob, for han visste nok kva dette namnet stod for. Luringen, syndaren, den fortapte. Men då han sa namnet sitt lysna det. Så snart Jakob var einig med Gud om kven han var, var sigeren vunnen. Då fekk han det nye namnet, og Gud såg på Jakob som Israel, som sin eige dom og som sitt folk.

Her kan kvar som har flytta inn i Guds frelse kjenna seg att. Det var ikkje rart han kalla den staden for Guds andlet, for her hadde han sett Gud og berga livet.

Nå tenkte han nok at det skulle vert berre glede, å få bu i eit land med Guds velsigning over seg. Det Herren hadde kalla han til, og det hans hjarta lengta etter. Men det skulle bli mangt eit tungt: Kvifor Gud? i Jakobs sin heim. Høyr berre kva han sjølv seier: Simon og Levi — De har gjort meg ei

stor hjartesorg. De har gjort at eg får eit stort uord på meg hjå folket i landet, kananitane og ferisitane. Me er då berre ein liten flokk, og samlar dei seg imot meg, så kjem dei til å slå meg ihel og tyna meg og mitt hus. Fiendane var store og mange, hans eigne søner var mordarar. Jakob leid under skam, redsel, anklage og naud. Velsigninga syntest å vera langt borte frå han. Skulle han røma — nei det kunne han ikkje.

Då tala Gud. — Å du underlege Gud. Eg veit om deg Israel. Gå til Betel — bygg der eit alter for Gud, han som synter seg for deg då du rømde. Nå hadde Jakob lært å bøya seg for Guds tale. Det er menneskelivet si tyngste leksa å læra.

Her står Jakob fram som profet og talar til alt sitt husfolk. Få bort dei framande gudane som er hjå dykk, og reinsa dykk og bytt kleide. Han minna dei om kva Gud hadde sagt, korleis han hadde vorte berga i fárar, og korleis Gud hadde høyrt hans bøner.

Slik er Gud, og han er den same idag.

«Då let dei Jakob få alle dei framande gudane dei hadde hjå seg, og ringane dei hadde i øyro.» Skal tru det var mykje som kom fram i ljoset den dagen? Det vart gravlagt alt saman.

Tre ting fylgjer Guds folk også i dag. Det er framande gudar, skitne klær, syndig livsvandring, og eit øyra som er så fullt av stas at det ikkje høyrrer Guds tale. Det måtte stå om livet for heile Jakobs hus, før dei ville forlata synda. Men du for eit godt byte dei gjorde den dagen. Jakob hadde nok tala før også, men dei ville ikkje høyra. Dei ba ikkje slik som David: Lær meg, Herre, din veg! Eg vil ferdast i di sanning, vend mitt hjarta til det eine: Å ottast ditt namn! (Salme 86, 11.)

Dér Guds ord får rom, vil det alltid merkast i heim, bygd og samfunn, og i Guds meininghet, og det kjem ein otte over folket. «Ein otte frå Gud kom over byane ikring dei, så ingen sette etter Jakobssønene.»

Det kunne sjå ut som om Jakob hadde det lettare i landflyktigkeit hjå Laban enn på Guds veg. Der hadde han ingen som sto han etter livet. Men her i landet der velsigninga skulle kvila over dei, ser vi at det blei sorg, naud og tårer. Det låg nok nær å tenkja som Asaf: Fåfengt har eg reinsa mitt hjarta og tvege mine hender i uskyld, eg vert likevel plaga heilo dagen og kvar morgen kjem til meg med tukt. (Salme 73, 13. For Jakob såg det nok ut som om han var under Guds dom og forbanning, men Gud såg lenger og onnorleis på det. Dette skulle bli til frelsa for Jakob og for heile hans hus. Midt i at Jakob møtte alt dette, så levde og ferdast han i Guds nåde og under Guds velsigning. Dette er til stor trøyst for Guds folk også idag.

Syndaren ved altaret, han får alltid svar frå Gud. Der er ingen mislukka tur, der talar Herre alltid og seier: Israel skal du heita. Det same sa Jesus om ein som stod ved altaret og sa: Gud ver meg syndar nådig. Han gjekk rettferdigjort heim til sitt hus. Så lenge som det finst menneske som lyt til Betel, til alteret, for å møta Gud, er det håp.

Guds velsigning ligg ikkje i rikdom og eit vellukka liv. Nei, den ligg i at vi høyrrer Guds tale, det profetiske ordet, og gjer etter det. Då blir det nok mange gonger å stå ved ei grav med fanget fullt av avgudar og skitne klær. «I din grav i haven er min synd begravne, til evig skjul og gjemme, hvi skulle jeg meg gremme», syng songaren. Der er alt kasta, der er alt skjult av nåde. Så lenge som Gud såg at Jakob hadde bruk for dette, var han salig midt i all si naud. Så lenge var der gleda i himmelen, fordi Jakob hadde bruk for Guds nåde og omsorg. Det hadde ikkje kananitane og feresitane.

Var så Gud sitt løfte tru mot Jakob? Skrifta viser at Gud var sitt løfte tru i sorg og naud, i livet og i døden, gjennom alt som møtte Jakob og Guds folk.

Den Gud som berga og frelseste syndaren Jakob, han både vil og kan frelsa og bevare

Dette har eg skrive

(1. Johs. 5, 13)

Det er gildt å få brev, serleg då om det er frå truande vener, som gir oss ord frå Gud til hjelp og trøst i striden og vandrings.

Men både du og eg skriv så ofte utan å vera leie av Guds Ande. Me klagar vår nød for menneske, og fekk ikkje alltid det svar me venta — ofte fekk me slett ikkje svar. Kvifor går det slik? Jau, det kjem vel ofte av at me venta hjelp frå svake og syndige menneske, som gjerne hadde meir enn nok å stri med frå før, meir en du har. Difor var dei makteslause til å gi deg rett hjelp i din situasjon.

I dette ordet seier Johannes: *Eg har skrive.* Me som trur på Bibelen som eit sant openberrings ord frå Herren, me veit at han tenkjer ikkje på seg sjølv med ordet *eg*, om så var hadde det han skriv lite å bety for oss. Men av ordet som kjem etter: Så de skal vita at de har æveleg liv de som trur på Guds Sons namn, skynar me at det han skriv kjem frå han som sjølv er livet.

Og dette livet er i Son hans.

Slik vitnar Gud om Jesus og det livet Gud har gitt oss i han. Ein ting er å tru og vita seg frelst og at syndene er oss forletne for Jesu skuld, men mange truande slit med tvilen på om eg har evig liv nå. Eller får eg det først etter døden? Men *har*, seier Guds ord klart. *De har æveleg liv*, de som trur på

ein kvar syndar som kjem til han, og føra oss heim til seg, der me skal få sitja til bords i Guds fullkomne rike. Der skal me møta og få sitja til bords med Abraham, Isak og Jakob og alle dei som let seg frelsa og nådde målet. Skal eg og du nå målet?

Men eg vert alltid verande hjå deg, du har gripe mi høgre hand, du leider meg med ditt råd, og sidan tek du meg opp i herlegdom. (Salmé 73, 23.)

Odd Dyrøy

Jesus. Ja, om trua synest liten som eit senapskorn, så har du evig liv nå mens du er her på synda og døden si jord. Dette har Herren sagt og skrive til oss, så la alle andre brev og falske trøyste-grunnar fare. Det som er skrive er å lita på, og er skrive for at me skal vita at me har evig liv me som trur på Jesus. Jesus sjølv viste ofte til Skriftene som truesgrunn og trøystegrunn. Og Her seier Johannes ved den Heilage Ande: *Den som har Sonen, han har livet.*

Jesus spurde Marta før han ropa Lasarus ut frå grava: *Tru du dette?* Trur du at eg er oppstoda og livet, og at kvar den som lever og trur på meg skal i all æva ikkje døy. Trur du, min ven, at Gud har gitt deg eit evig liv i Jesus alt nå mens du er her på jorda? Ja, lova vere Gud, som har gitt syndarar på jorda eit slikt ord og ei slik vissa.

Har du ikkje visst det før, så skal du vita nå at det er dette Ordet vil oss, Gud har late Johs. skriva det, for at me skal vita at me har evigt liv me som trur på Guds Sons namn. Hør det ennå ein gong: *Gud har gitt oss eit evig liv*, og dette livet er i Son hans.

Dette er ditt, gitt til deg, av fri og uforkyldt nåde, det er Guds gåva.

Nå er ikkje denne vissa ei konstant kjensle inne i deg. Slik har i alle fall ikkje eg opplevt det i dei over 30 åra eg har levt med Jesus. Nei i oss, i vårt kjøt eller natur, bur så visst inga vissa, for kjøt og blod tek ikkje imot det som høyrer Guds rike til og han kan ikkje kjenna det.

Vissa eig eg ved trua på Guds eige ord, ved trua på Guds vitnemål om Jesus. Og tru er full vissa om det som ein vonar, overbevisning om ting ein ikkje ser, seier Hebreerbrevet. Eg veit kven eg set mi tru til, han som ikkje kan lyga. Han som sjølv er livet, han kan også gi deg vissa om evig liv, sjølv om freistaren og verda og ditt eige kjøt protesterar mot eit slikt ord. Det er sant fordi EG, den evige og sanne Gud har sagt det.

Josef J. Nilsen.

Syndens kraft er loven

Av Rosenius

Det er uhyre trist at mange vakte som forsøker å gå inn gjennom den strange port, føres på avveier — dels av sitt eget hjerte og dels av umodne lærere og falske skrifter. Det at en blir sant omvendt, at loven får gjøre sin gjennomgripende gjerning i hjertet, er så nødvendig at uten dette blir alt strev og all møyje forgjeves. Både tro og guds frykt, ja, Kristus selv med all sin fortjeneste er uten nytte for en slik sjel.

Det er noen som bare kjenner de enkelte synder, i tanker, ord og gjerninger. De ser på dem, strever med dem. Men de kjenner ikke riktig lovens krav på hjertet, så at de synker ned i det dype dynn og der kommer virkelig i nød. De omvender seg, men det blir bare en omvendelse fra sitt ytre verdslige liv. Og resultatet er at de blir fariseere.

Andre opplever virkelig naturens ondskap, hjertets fordervelse og urenhet. De ber, kjemper, forsaker og forsøker å leve gudelig, men de tror at de skal vinne rettferdighet ved dette. Hvis de ikke kommer til Kristus i denne elendighet, til nåden og trøsten, blir de aldri rette kristne. Enten blir de bedratte gjerningshelgener som har fått trøst i sin omvendelse og gudelighet, eller de blir utslitte trelle som gir opp det hele, faller tilbake i sikkerhet og ender i fortvilelse og fortapelse.

Vi taler ikke her om dem som ikke vil ut av synden, men om dem som ikke kan. Feilen er her at de ikke vil høre eller får høre hva den rette omvendelse er, hva loven tilskirter, hva dens mening og mål er.

Hør nå hva Skriften sier selv om dette:

I Rom.. 3 står det at lovens egentlige hensikt er å lukke hver munn og at hele verden skal bli skyldig for Gud — ikke from, ikke ren og hellig, men *skyldig*. Og i v. 20 står det: «For intet kjød kan bli rettferdigjort for

ham ved lovgjerninger, for ved loven kommer syndens erkjennelse.»

I Rom. 5 står det at loven kom forat synden skulle bli stor, ikke forat synden skulle overvinnes, men hvor synden blir stor, blir nåden enda større.

I Rom. 7 står det at synden, selve synden blir stor ved budet, ikke bare følelsen av synden. Og her står det også at synden tok anledning av budet og virket alskens begjærlighet i en. Ja, i samme kapitel, v. 4 og 6, står det at man må være frigjort fra loven for å kunne bære frukt for Gud — død fra loven ved Kristi legeme, som er offeret for synden for å kunne tjene Gud i Åndens nye vesen.

Slik taler Skriften om lovens rette virkning ved et menneskes omvendelse.

Luther sier om dette: «Hva gjør da loven? På grunn av naturens ondskap blir det en årsak til synd. Og da den er syndens kraft, sier Paulus at den virker vrede. Den gjør ikke from, som katolikkene prater og verden tror. I det ytre hindrer den vel hånden, men av det blir det ikke noe annet enn hykleri for Gud. Men i hjertet virker den en slik jammer at den sannelig ikke gjør mennesket fromt, men tvert imot gjør det verre enn før.»

Denne virkning må loven nødvendigvis gjøre i ditt hjerte, om din omvendelse skal bli sann. Ved loven skal du ikke bli frommere og mere hellig. Nei, det skal du bli ved ham som dører deg med Den hellige ånd. Ved loven skal du bli skyldig, syndig, ja, overmåte syndig, ellers kan du ikke lære å motta Kristus — til et nytt liv i ditt hjerte.

Var det en lov som kunne gjøre levende, da var rettferdigheten sannelig av loven (Gal. 3, 21), og da var Kristus død forgjeves (2, 21).

Loven gjør sin virkning, hvis den bare

syk, dårlig, en narr, forvendt, djevelsk, kjetter, en vantro.

Så står dette fast og urokkelig: Det er Guds vilje at han av dårer vil gjøre vise, av onde fromme, av syndere rettferdige, av forvendte rettskafne, av vanvittige kloke, av kjettere troende og av en djevelskikkelse gudfryktige. For mennesket føler djevelens vesen og verk i seg, og roper til ham som er kommet for å forstyrre djevelens gjerninger, nemlig Guds Sønn (1. Joh. 3, 8.)

Spør du hvorledes dette kan gå til, er svaret kort og godt: Du kan ikke bli den du vil være i Gud eller Kristus, hvis du ikke først blir den i deg selv og for alle mennesker som han vil at du skal være. Men han vil at du skal være deg selv og for alle mennesker det som du virkelig er, nemlig en synder, ond, dårlig, forvendt, djevelsk, vantro osv. Det er ditt navn, din tittel, og din verdighet at du heter og er et vredens barn av naturen (Ef. 2, 3). Dette er den rette ydmykhet og sakens rette sammenheng. Har du erfaring i dette, er du i Guds øyne den du vil være, nemlig from, hellig, oppriktig, rettskaffen og troende.»

Så langt Luther.

Men hvorledes går dette til at den som er ugudelig i seg selv, nå i Guds øyne er den han vil være, nemlig from og hellig? Jo, det går slik til som Paulus sier: «Loven er blitt vår tuktemester til Kristus, forat vi skal bli rettferdigjort ved troen» (Gal 3, 24)

Nå kryper synderen til Kristi føtter og søker skjul under hans rettferdighet. Nå forakter han ikke Kristus mer, men holder ham for sin dyrebare forløser. Nå takker han for de smuler som kastes til hundene, og er glad om han blir kalt en hund, når han bare får nåde og tilgivelse for sine synder.

Ja, han synes han kan dø av lykkelig forundring over at han som er så overdig, skulle bli tilegnet hele Kristi fortjeneste. Men det var nettopp dette Gud tilsliktet ved loven. Nå vil han ikke lenger bedrøve synderen, hensikten er nådd, nå gir han ham alt sammen for ingenting, hele Kristus med all hans fortjeneste.

Forts. neste nr.

kommer inn i hjertet, men virker den bare på ditt ytre liv, kan du nok bli from i egne gjerninger og i din innbilning. Men det er fari-seerer fra fromhet.

Slik var Paulus før budet kom, før lovens åndelige krav trengte inn i hans hjerte. Og slik er det mange religiøse i våre dager. Det tror at de skal bli frommere og bedre ved loven hvis en bare ber, kjemper og håper og ikke gir opp.

Den rette omvendelse går dypere, den gjør meg ikke bedre og bedre, men syndig. Jeg skammer meg over at det jeg foretar meg, synes ille om meg selv og min omvendelse og finner således ingen trøst i meg selv.

Den som vil bli from, må bli en synder!

Da Jesus begynte å lære, gjorde han det med å sette lovens krav så høyt at intet menneske kunne oppfylle det. Se Matt. 5, 21-28. Og da en mann trodde at han hadde holdt loven, var Jesus ikke tilfreds, men skyndte seg å gi ham et bud som skulle bli for vanskelig for ham: «Vil du være fullkommen, så selv alt det du har, og gi det til de fattige» (Matt. 1, 20-21) Han hjalp ikke mannen til å finne trøst i sin fromhet.

Når noen derfor sier at han vil omvende seg og bli from og hellig, må man svare: - Først må du bli en synder og ugudelig. Du må lære å kjenne at du er fortapt, grunnfodret og ugudelig. Da kan du i sannhet tro på ham som rettferdigjør den ugudelige (Rom. 4, 5,) og således kan du bli from og hellig.

Her vil vi sitere et underlig stykke av Luther til Salme 5: «Den som vil bli rettferdig og from, må først bli en synder og urettferdig. Den som vil bli helbredet, from, rettskaffen og gudfryktig, ja, en rett troende kristen, må bli